



GOL KOMMUNE

Kultur- og kirkedepartementet
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO

dok 12

Kultur- og kirkedep.	
Saksnummer	200605491
Dato	23.10.06
Kode	Ki-501
Beh.	

MELDING OM VEDTAK

Vår ref.	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato
06/1465-12/LL	020 D13 &13		19.10.2006

NOU 2006: 2 STATEN OG DEN NORSKE KIRKE - HØYRING

Kommunestyret behandla i møte 17.10.2006 sak 57/06. Det vart gjort slikt vedtak:

Gol kommunestyre vedtek slik uttale til NOU om Staten og Den norske kyrkja:

1. Kva overordna prinsipp bør liggje til grunn for trus- og livssynspolitikken ?

Staten bør føre ein aktivt støttande religionspolitikk. Det skal vera full religionsfridom i Noreg. Staten skal leggje tilhøva til rette for utøving av religiøs verksemd blant anna gjennom å sikre ei tilstrekkeleg finansiering til dei ulike trus- og livssynsamfunn. Sjølv om Grunnlova framhevar "den evangelisk-lutherske religion" som den dominerande og den som står nærast statsforfatninga, skal andre livssynsamfunn vera sikra både økonomisk grunnstøtte og tilskott til seremonirom.

(Samrøystes)

2. Den norske kyrkje som statskyrkje:

Bør fortsette: 17 røyster
Bør avviklast: 3 røyster

3. I kva lov bør Den norske kyrkje vera forankra ?:

Grunnlova: 17 røyster
Lov om trussamfunn: 3 røyster

4. Korleis bør Den norske kyrkje vera finansiert ?:

Offentleg finansiering utan medlemsavgift: 17 røyster
Medlemsavgift med noko støtte frå det offentlege: 3 røyster

5. Korleis bør valordningane og demokratiet vera dersom statskyrkjeordninga blir avvikla ?

Auke bruken av direkte val til kyrkjjas vedtaksorgan. Biskopar bør fortsatt bli utnemnt av Kongen i statsråd.

(Samrøystes)

6. Dersom statskyrkjeordninga blir avvikla, kva bør i så fall stå i §2 (eller i ein annan paragraf) i Grunnlova i tillegg til prinsippet om religionsfridom ?

Dei politiske prinsipp som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettsstaten og menneskerettane. Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget.



HALLINGDAL

7. **Kven bør ha ansvaret for gravferdsforvaltninga ?** Kommunen. (Samrøystes)
8. **Kven bør eige og forvalte kyrkjebygga ?** (Samrøystes)
Kommunen bør eige kyrkjebygga og ha det økonomiske ansvaret. (Samrøystes)

Med venleg helsing
Gol kommune



for
Lornnt Letnes
rådmann

Kopi til: